

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

**Avdeling for
Kultur, idrett og inkludering (KII)**

Dato	11.08.2022
Vår referanse	2022/71126-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

1

**Varsel om kulturhistorisk synfaring – Veg og parkeringsplassar -
Dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 357 bnr. 1 - Sætre - Alver kommune**

Viser til brev datert 26.07.2022 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne knytt til den planlagde traséen, men det er registrert fleire gravminne i nærområda. Delar av tiltaksområdet har ei høgd over havet og topografi som indikerer potensial for funn av buplassar og aktivitetsstader frå steinalderen. Etter ei vurdering av det aktuelle området, finn vi det naudsunt å gjennomføre ei kulturhistorisk synfaring. Før vi kan gje fråsegn til søknaden, må vi vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne.

I denne saka skal vi òg vurdere om summen og omfanget av tiltaka vil endre området sin karakter/landskapsrom i ein slik grad at dei vil vere utilbørleg skjemmande for dei automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 3. Blir tiltaket vurdert til å vere utilbørleg skjemmande må ein søkje om dispensasjon frå kulturminnelova § 8.

For å kunne vurdere utilbørleg skjeming og undersøkingsplikta må saka vere tilstrekkeleg opplyst før me kan gje vår fråsegn. Vi ber om å få tilsendt sosi- eller shape- filer av tiltaka (veg med tilhøyrande fyllingsfot og parkering).

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaka kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsunt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Samt vurdere om tiltaka er utilbørleg skjemmande etter § 3 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd og etter vi har mottatt etterspurde filer.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

